



## Planutvalet, møte 23.november 2016, Fylkeshuset

### Arbeidsdokument 1/16 - Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling i Sogn og Fjordane

#### 1 INNHALD

- Bakgrunn for arbeidet
- Nasjonale og regionale føringar
- Avgrensing og mål for strategien
- Arbeidsprogram
- Prosess, medverknad og framdrift

#### 2 BAKGRUNN FOR ARBEIDET

I FT-sak 23/16 den 14.06.2016 vart regional planstrategi 2016-2020 (RPS) vedteken og pkt. 5 i vedtaket lyder:

«Fylkestinget vedtek at ein i 2016-2017 skal utarbeide ein strategi for senterstruktur og senterutvikling for fylket.»

Dette er difor eit av dei prioriterte områda for regionale planar og strategiar. Strategiarbeidet vil legge noko av grunnlaget for det meir formelle arbeidet med ein arealbruksplan for heile fylket, med planlagt oppstart i 2018.

Grunngjevinga for å prioritere dette området er beskrive i planstrategien under tema «Globalisering og sentralisering»:


#### «Globalisering og sentralisering»

Strategiane på dette området handlar om styrking av naturlege regionsenter og avklaring og mogleg utvikling for mindre sentrale område i fylket. Den mest openberre måten å møte dette på er gjennom ein regional strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling. Strategien vil svare på mange av dei statlege forventningane til å styrke byregionar og samspelet med omlandet. Arbeidet må koordinerast med nasjonal og regional transportplanlegging. For å følgje opp tettstadsstrategiane og for å ha ei heilskapleg planlegging, treng fylket ein ny regional plan for arealbruk for heile fylket. Den vil og bidra til at vi kan fase ut eldre planar og bidra til ei proaktiv haldning til utviklinga i fylket.»

I ei tid med store endringar og reformer vert fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar ekstra viktig. Sogn og Fjordane åleine eller som del av ein større vestlandsregion treng solide strukturar for å kunne oppretthalde og vidareutvikle gode lokalsamfunn. Desse samfunna må både fungere

uavhengig av og kunne møte dei endringane som måtte komme. Det trengs eit langsiktig utviklingsarbeid og fylkeskommunen har ei sentral rolle.

Arbeidet med senterstruktur og tettstadsutvikling er ein sentral del av samfunnsplanlegginga og arbeidet vil få betydning for både sentrale og mindre sentrale område i fylket. Det er dei større tettstadane som jamt over har størst vekst i fylket, og det er her kommunane har størst utfordringar med å få til ei planstyrt utvikling. For dei kommunane som opplever folketalsnedgang og sterk auke i tal eldre, vil kvalitet i tettstadutviklinga og planar/tiltak som kan gje endringar i attraktivitet og dermed i folketallet, vere avgjerande for framtida.



Figur 1. Tal busette i kvar kommune med aldersfordeling kvar kommunen. Forholdsmessig storleik på sirkel ut frå tal busette. Fylkesatlas

### Bakgrunn for namnet på strategien

Fylkesrådmannen ser at det ikkje er fullt samsvar mellom omgrepet «senterutvikling» i vedtaket i og omgrepet «tettstadutvikling» som er nytta i RPS. Når vi ser på den nasjonale og regionale bruken av omgrep på området er «tettstadsutvikling» valt, av di det samsvarer mest med andre fylke sin bruk av omgrepet i regionale planar og korleis det er brukt i nasjonale forventningar, føreseigner og retningslinjer.

### Tilråding

Planutvalet sluttar seg til bakgrunnen for å starte opp strategiarbeidet. Utvalet peikar også på at arbeidet med senterstruktur og tettstadsutvikling er aktualisert gjennom diskusjonane i kommune- og regionreforma, der fylket treng å posisjonere seg og vere bevisst på strategiar for utvikling av heile fylket.

## 3 REGIONALE OG NASJONALE FØRINGAR

Dei regionale føringane er lagt i [regional planstrategi](#) vedteken i år, og denne saka er ei oppfølging av føringane. Andre viktige føringar er statlege planføreseigner og retningslinjer som er vedtekne, bl.a. for samordna areal-, transport, bustadplanlegging, klima- og miljømål og transportpolitikk generelt.

Det viktigaste no er at vi på vår måte følgjer opp dei nasjonale føringane som kjem fram gjennom regjeringa sitt dokument om «[nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#)».

Relevante føringar for dette arbeidet:

- Fylkeskommunane og kommunane fastset regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekka i transportsystemet medrekna knutepunkt for kollektivtrafikken. Gjennom planlegginga trekkjer ein langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde. Staten, fylkeskommunane og kommunane legg vedtekne planar til grunn for eigne vedtak.
- Den regionale og kommunale planlegginga legg til rette for nok og variert bustadbygging, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- Fylkeskommunane og kommunane bidreg aktivt i arbeidet med konseptvalutgreingar og statlege planar for store samferdselstiltak.
- Fylkeskommunane og kommunane i storbyområda legg til grunn at transportveksten skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange, og følgjer aktivt opp bymiljøavtalar og byutviklingsavtalar med staten.

Kommunal og moderniseringsdepartementet er også i gang med ei storingsmelding om «Bærekraftige byer og sterke distrikt» der dei stiller seg følgjande spørsmål:

- Korleis kan stat, kommune og fylkeskommune legge til rette for eit konkurransedyktig næringsliv og tilgang på kompetent arbeidskraft i lokale arbeidsmarknader med ulike utfordringar?
- Kva kan gjerast for at bustadmarknaden skal fungere betre, i byane og i distrikta?

### Tilråding

Planutvalet tek overordna føringar for arbeidet til vitande.

## 4 RAMMER OG MÅL FOR STRATEGIEN

For å fastsetje innhaldet i ein strategi, må arbeidet avgrensast ut frå gjeldande planar og planprosessar som er i gang. Strategiarbeidet vil verte organisert og gjennomført tett opp til korleis vi gjennomfører ein regional plan i samsvar med Plan- og bygningslova § 8-1, men vi vil ha ein noko kortare prosess på å fastsetje kva strategien skal innehalde.

### Rammer

Strategien skal:

- omfatte heile fylket.
- gje føringar for ulike tema i samfunnsplanane i kommunane og kunne gje overordna føringar i tettstadsutviklings- og lokaliseringsspørsmål.
- støtte seg på vedtekne regionale planar som regional transportplan (RTP), verdiskapingsplanen, klimaomstillingsplanen m. fl., og ev. overordna vedtak. Kunnskapsgrunnlaget for strategien skal samordnast med tema som no vert tekne opp i arbeidet med rullering/revisjon av desse regionale planane i 2016 og 2017.
- ikkje gje føresegnar for arealbruk, men vise veg for det meir konkrete arbeidet med ein arealbruksplan for heile fylket. I RPS er det vedteke at arbeidet med regional plan for arealbruk skal starte i 2018.

### Mål

Strategien skal:

- utvikle kunnskap om senterstrukturane i fylket, og legge føringar for ynskt utvikling av desse gjennom styrking av bu-, arbeids- og serviceregionar (BAS).
- Legge føringar for korleis vi utviklar klimavennlege tettstader med effektiv areal- og transportplanlegging.
- legge grunnlaget for heilskaplege vurderingar i samfunns- og arealplanlegginga, mellom anna framtidig senterstruktur for fylket.
- avklare kva attraktivitet er for byar og tettstader i fylket og skape medvit om dette.
- utvikle meir attraktive byar og tettstader gjennom kunnskap om og kriterium for god tettstadsutvikling, med levekår og livskvalitet i utviklinga.

### Tilråding

Planutvalet sluttar seg til framlegg til rammer og mål for strategiarbeidet. Utvalet peikar på at framtidig senterstruktur er avgjerande for utvikling av stader som er attraktive og styrkar folketalsauken.

## 5 ARBEIDSPROGRAM FOR STRATEGIEN

Strategiarbeidet handlar om å utvikle handlekraft basert på ein felles vilje om utvikling. Aktørane i arbeidet er fylkeskommunen, kommunane/regionråda. Tema er:


1. Senterstruktur
2. Tettstadsutvikling

**Senterstrukturen** i fylket er frå fylkesplanen (2000) definert med Førde som fylkessenter, og ingen andre regionsenter er definert. Frå kunnskapsgrunnlaget til regional planstrategi veit vi at fylket består av mange pendlingsregionar med ulike roller i dag og i framtida. Vi veit at terskelen for pendling ligg mellom 30 og 45 minutt, og at tal arbeidsplassar innanfor eit slikt «pendlingsområde» må over 8000-10000 for å kunne bli sjølvforsterkande med tanke på utvikling av tenester og arbeidsplassar. Regionane kring Førde og Sogndal ligg på og over terskelen slik det er i dag. Nordfjord, med sine fleire jamstore sentra og noko avstand, ligg førebels noko under terskelen. I RPS er det lagt føringar for å vidareutvikle desse tre regionane sine bu- og arbeidsmarknader.

Regionane har både felles og ulike utfordringar i forhold til geografisk plassering, demografiske trendar og potensiale innan næringsutvikling. Det vil difor vere naturleg å utfordre kommunane/regionråda til å bidra med å utvikle ein senterstruktur som handterer utviklingspotensiale og utfordringar i sine regionar, basert på eit kunnskapsgrunnlag utarbeida av fylkeskommunen.

Kunnskap om senterstrukturane i fylket kan delast opp i kunnskap om:

- 1) Folk, kven bur kvar?
- 2) Landskap, topografien set dei fysiske rammene.
- 3) Aktivitet, korleis bevegar folk seg rundt i fylket i fritida og arbeidstida
- 4) Bu-, arbeids- og serviceområda – dei to områda Sunnfjord og Sogndal som er BAS område, og Nordfjord som kan bli det.



Figur 1: Forholdet mellom tal syssette i kvar kommune og kor stor del som bur i kommunen og kor mange som pendlar inn. Fylkesatlas

**Tettstadsutvikling** handlar om attraktivitet på mange ulike nivå. Telemarksforsking definerer eit område, eller ein tettstad, som attraktiv viss den har større tilflytting enn arbeidsplassveksten skulle tilseie. Andre kriterium kan vere reisetider, tenestenivå, natur, kultur og andre attraksjonar.

Når den enkelte tettstad er plassert i eit system med definerte oppgåver og verdiar i sitt område, kan kommunane og regionane byrje arbeidet med «attraktivisering» av sine store og små senter. Korleis kan dei ulike sentra i ein region styrke og supplere kvarandre? Kva må vere til stades av grunnleggande faktorar/funksjonar for attraktivitet og utvikling på den enkelte stad? Korleis skal den fysiske utforminga av ein stad vere for at den skal opplevast som attraktiv? Korleis kan ein betre/sikre levekår og livskvalitet?

Program for strategiarbeidet:

1. Fylkeskommunen utarbeider utkast til strategigrunnlag som synleggjer utfordringar og moglegheiter for kommunane i ei regional samanheng.
2. For å få innspel på korleis arbeidet best kan leggst opp, og for å få ei best mogeleg forankring, ber vi om innspel frå kommunane og regionråda på dette. Dette gjeld innhald, struktur og framdrift på arbeidet.
3. Fylkeskommunen inviterer til ei felles plansmie (eitt møte) mellom leiinga i regionråda og planutvalet, der ein på bakgrunn av strategigrunnlaget utviklar eit framlegg til senterstruktur og kriterium for god tettstadsutvikling.
4. Fylkeskommunen og regionråda i fellesskap utviklar ein strategi for senterutvikling og tettstadsutvikling i regionråda sitt nedslagsfelt. Denne skal avklare dei ulike tettstadane sine roller i det framtidige samfunnet (plassering i senterstruktur), og kva oppgåver den enkelte tettstad skal løyse i den framtidige kvardagsregionen.
5. Fylkeskommunen koordinerer og utviklar ein felles strategi for heile fylket, basert på kommunane og regionråda sine innspel og arbeid.
6. Strategien skal seinare formaliserast gjennom fylkesplan for arealbruk, og treng difor god fylkeskommunal forankring i prosessarbeidet.

## Tilråding

Planutvalet sluttar seg til framlegg til arbeidsprogram for strategiarbeidet.

## 6 PROSESS, MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT

*For å fange opp utgreiingane og analysane som vert gjort i samband med RTP, strategisk plan for kysten og klimaomstillingsplanen, bør vi strekke strategiprosessen ut i 2018.*

Aktivitet	Okt-des 2016	Jan-mars 2017	April-juni 2017	Juli-sept 2017	Okt-des 2017	Jan-mars 2018
Arbeidsdokument for strategien	PLAN 23. Nov.					
Utforming av eit „arbeidsprogram“						
Utforming av strategigrunnlag		PLAN 25. januar				
Gjennomføre utgreiingar og arrangere plansmie						
Utvikle framlegg til strategiar						
Strategi på høyring					FU 22. november	
Vedtak av strategi						FT i april

## Tilråding

Planutvalet sluttar seg til framlegg til prosess medverknad og framdrift.

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Synnøve Stalheim  
plansjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:  
Ordliste

Mottakar (ar)

Kopi til: